



## MØTEBOK

### REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

**Møtedato:** Onsdag 3.2-4.2.2010

**Stad:** Hemsedal, Fossheim Hotell & Restaurant

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

#### Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune (ikkje sak 1 og 2)
Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

#### Desse møtte frå Rådmannsutvalet:

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Bjørgulgulv Noraberg,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Else Horge Asplin,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune
Gabriel Johannessen,	Hemsedal kommune (4.2.)

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Runolv Stegane og regionkontakt Terje Moen

---

#### SAK 01/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 11.12.2009

##### Vedtak

Møteprotokoll 11.12.2009 vart vedteke.

#### SAK 02/10 ORIENTERING HALLINGDAL BARNEVERN

Lars Even Olsen som framtidig leiar for Hallingdal Barnevern og Bjørgulgulv Noraberg orienterte om status og vidare arbeid fram til etablering.

#### SAK 03/10 UTTALE, REGIONAL DELPLAN FOR REISELIVET I BUSKERUD

##### Uttale

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som positivt at Buskerud fylkeskommune vedtek ein regional delplan reiseliv for Buskerud. Samsundes vil Regionrådet presisere at det er avgjerande med god forankring i næringsliv og kommunar, ikkje minst ut frå den bindinga planen vil ha i forhold til Plan og bygningslova.
2. Ei av dei største utfordringane for reiselivsnæringa er betra lønsemrd og å sørge for at vidare vekst blir omsatt til auka verdiskaping. Mykje av utfordringane er det næringa sjølv som må ta hand om, men samstundes er det heilt avgjerande med eit sterkt og tydeleg engasjement frå det offentlege på alle nivå. Her blir det forventa at regional delplan reiseliv for Buskerud vil kunne spela ein aktiv og positiv rolle.

3. I ”Regional planstrategi for Buskerud 2009 – 2012” står det: *Reiselivet spelar ei hovudrolle i Hallingdalsregionen, likevel har det vore ein liten nedgang i sysselsettinga. Vi treng å få meir effekt ut av næringa når det gjeld sysselsetting og økonomi.* Endeleg plan må ta mykje meir omsyn til dei store forskjellane det er mellom regionane i fylket når det gjeld reiselivsnæringa si betydning for sysselsetjing og verdiskaping.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir gjort nærare vurderingar, om planutkastet er eit godt nok verktøy for den tunge reiselivsindustrien.
5. Regionrådet rår til at bærekraft ikkje er hovudsatsingsområdet, men at utviklinga av reiselivet skal vera tufta på ei berekraftig utviklingsramme.
6. Regionrådet rår til at hovudmålsettinga blir omformulert til t.d: Reiselivet i Buskerud skal vera av dei fremste i landet både i forhold til kvalitet, auka verdiskaping og produktivitet, og skal vera tufta på ei berekraftig utviklingsramme. Regionrådet meiner og det burde vore ei drøfting om reiselivsnæringa skal ha eit distriktsaspekt, slik som regjeringa sin nasjonale reiselivsstrategi har.
7. Det er ei målsetting at fellesgodefinansiering har funne si løysing før 2014.
8. Målet om at Buskerud skal bli best på kundebehov bør omformast til ein meir forståeleg setning.
9. I tillegg til dei strategiar som er teke med under samferdsel med m.a. særleg satsing på Bergensbanen/ Ringeriksbanen og ekspressbussar til frå kommunikasjonsknutepunkt, må Rv7 takast inn som konkret tiltak. Forvaltningsplan Rv7/Rv52 tydeleggjer problemstillingane, der det ikkje er nokon tvil om at Rv7 må få ei standardheving for å takle planlagt reiselivsutvikling i Hallingdal. Det tyngste og mest sårbare reiselivet ligg også på aksen aust-vest gjennom Hallingdal.
10. Både eit nasjonalt forskingssenter for reiseliv, Noregs Friluftshøgskole og Norsk Fjellmatsenter og utviklinga av Geilo som nasjonalparklandsby vil vera viktige tiltak for utviklinga av reiselivet både regionalt og nasjonalt. Desse tiltaka må ligge i planen som konkrete tiltak, samstundes som det er viktig å avklare mogelege samarbeid/grenseflater.

#### **SAK 04/10 VAL AV REPRESENTANT TIL HALLINGDAL UNGDOMSRÅD**

##### **Vedtak**

Olaug Grønseth Granli er valt til Regionrådet for Hallingdal sin representant i Hallingdal Ungdomsråd, for perioden 2010-2011. Erik Kaupang er valt til vararepresentant.

#### **SAK 05/10 RESOLUSJON – ”FJERN MAKSIMUMSVERDIEN FOR EIENDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG”**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal støttar resolusjon for fjerning av maksimumsverdien for eigedomsskatt på kraftanlegg, som vart vedteke på LVK sitt regionmøte 14-15.januar 2010, for medlemskommunar i Buskerud, og Telemark.

#### **SAK 06/10 PROSJEKT; KOMMUNAR MED NEDGANG I FOLKETALET**

##### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal til vera med på eit interkommunalt planleggingsarbeid, saman med kommunane Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal, Sigdal, Krødsherad, med sikte på å koma fram til gode tiltak/satsingsområde for å motvirke nedgangen i befolkninga i kommunane.
2. Arbeidet skal gjennomførast som eit interkommunalt plansamarbeid etter Plan- og bygningslova (kap.9. Interkommunalt plansamarbeid).
3. xx kommune gjev Regionrådet i nært samarbeid med rådmannsutvalet, fullmakt til å oppnemne representantar til styringsgruppa for prosjektet.
4. Buskerud fylkeskommune kan etter eige ynskje ha ein representant i styringsgruppa.

5. Innanfor ei total kostnadsramme for Hallingdal på kr. 300.000, løyver Regionrådet for Hallingdal inntil kr. 150.000 til prosjektet. Midlane skal takast frå posten Strategisk plan for Hallingdal.
6. Regionrådet for Hallingdal rår til at kvar kommune i Hallingdal løyver kr. 25.000 til prosjektet.

#### **SAK 07/10 EVENTUELTT**

Følgjande saker vart drøfta:

- Planlegging dialogmøte fylkesmannen
- Samarbeid Regionrådet – Rådmannsutvalet
- Revidering Strategisk plan for Hallingdal
- Orientering om IKT samarbeidet i Hallingdal ved IKT-leiar Halgrim Merødningen
- Orientering om status Hallingdal Krisesenter ved Hege Mørk.
- Dagleg leiar utgreiar sak om eventuelle Hallingambassadørar.

#### **SAK 08/10 FORSLAG TIL KANDIDAT TIL NYE STYRER I HELSEFORETAKA I HELSE SØR-ØST**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal til å foreslå ordførar Oddvar Grøthe som kandidat til nye styrer i helseforetaka i helse Sør-Øst.

Ål 5.2.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar